



Kanskje, kanskje?

Om tannfelling, tannfeer og trøyst



ERNA
OSLAND



ILLUSTRERT AV
VICTORIA
SANDØY



Tekst: Erna Osland
Illustrasjon: Victoria Sandøy
Grafisk form : Silje Nes – Stipla
Font: SuperGrotesk, Futura PT, Providence Sans Pro
Papir: Munken Lynx 150 g
Trykk: LivoniaPrint

Forfattere har mottatt støtte frå Det faglitterære fond.

Skald 2020

www.skald.no

ISBN 978-82-7959-322-5





TANNFELLING
ER EIT ORD
FOR Å MISSE
MJØLKETENNER.

– Au, seier Edith. – Au, au, au!

Det er første gongen ho har ei laus tann. Ho gaper opp. Ho vil syne pappa kor laus tanna er.

– Blir det eit stort hòl når tanna dett ut?

– Kanskje, svarer pappa.

– Som blør?

– Kanskje, svarer pappa på nytt.

Kanskje, kanskje, tenker Edith. Pappa seier alltid kanskje. Ofte kan det vere fint. Som når pappa seier *kanskje*, og mamma seier *nei*. Da hender det ofte at kanskje-et blir eit *ja*.

Men akkurat nå er ikkje pappas *kanskje* så bra, for det kan bety at hòlet kjem til å bli stort. Og at det vil blør.

EI GÅVE ER EIT
TEIKN PÅ OMTANKE.
DEN SOM FÅR GÅVA,
FÅR OGSÅ OMSORG.
DEN SOM GIR GÅVA,
GIR OGSÅ STØTTE
OG HJELP.





– Kanskje? Eller ja? spør Edith.

Pappa tar hendene til Edith og seier:

– Straks tanna er ute, får du ei gåve.

– Av deg? spør Edith.

– Av musa, seier pappa.

Edith må le, sjølv med den vonde tanna. Pappa er verkeleg rar.

– Kanskje? ler ho, – kanskje
kjem det ei mus?

Å MISSE TENNER
KAN VERE VONDT.
Å FÅ EI GÅVE
KAN VERE
TIL TRØYST.



Edith pustar ut.
Det hjelte å snakke med
mamma. Og å bli klemt forsiktig
av pappa.

Ho ruggar på tanna og tenker.
På mus og tannfeer. På puter og
vassglas. På mamma og pappa. Lenge
tenker ho på det, lenge, lenge, for det
tar lang tid å sovne med ei så laus tann.



LA
PETITE
SOURIS

DEN FRANSKE TANNMUSA,
VAR HELTEN I EIT EVENTYR.

EVENTYRET HANDLA OM KOR
FORT DET GÅR FRÅ VONDT TIL GODT.
SOM NÅR DU MISSEI EI VOND TANN
OG FÅR IGJEN EI SOM ER NY OG GOD!

MUSA VAR MED I STADIG NYE BØKER,
OG FOR KVAR NY BOK HANDLA DET MEIR
OG MEIR OM TENNER SOM BLEI HENTA
MIDT PÅ NATTA I ALL HEMMELEGHEIT
AV DEN MODIGE, SNILLE VESLE MUSA,

LA
PETITE
SOURIS

VAR EIGENTLEG EI FE.
HO BUDDE I EIT LAND MED LYKKE OG FRED.
ALLE I HEILE LANDET HADDE DET GODT.

MEN EIN FRAMAND KONGE OG SON HANS,
BEGGE LIKE VRANGE OG VONDE,
DRAP DEN RETTSKAFNE KONGEN OG
SETTE DEN GODE DRONNINGA I FENGSEL.

LA
PETITE
SOURIS
LOVA Å HJELPE DRONNINGA.

FEA SKAPTE SEG OM TIL EI MUS.
MUSA GØYMDE SEG UNDER PUTA
I DEN VONDE KONGENS SENG.

OM NATTA, DA KONGEN SOV,
KOM MUSA STIKKANDE FRAM.
HO GNOG AUGA HANS UT,
SÅ HAN BLEI BLIND.
OG DET SAME GJORDE HO
MED DEN VONDE PRINSEN.

RASANDE OG UTAN AUGE
GJEKK DEI LAUS PÅ KVARANDRE.
BEGGE DØYDDE, OG MUSEFEA,
DEN SNILLE DRONNINGA OG
DEN VESLE DOTTERA HENNA
TOK STYRINGA I LANDET.
PÅ NYTT BLEI ALT GODT.



Alle ser mot Edith. Og så må ho til å fortelje om tannmusa til pappa.

- Ei heilt vanleg mus? spør dei andre.
- Med snute?
- Og fire små føter?
- Pøh, seier Sjur, – ei tannfe har bil og jobb og skjegg.

Dei andre i klassen ler. Dei ler av Edith som er så barnsleg. Tenk å tru at ei mus kan vere tannfe!

Edith blir lei seg. Men så høyrer ho læraren seie at mora *hennar* er frå Spania, og der kjem Ráton Pérez og hentar tenner.

- Og kven er det? spør Sjur.
- Ei mus, seier læraren.

Da ler dei igjen.

Men ikkje av Edith.

– Nå trur eg vi må til å rekne, seier læraren.

Edith reknar med tanna i handa. Tunga stikk ho nedi hòlet. Kanskje musa til pappa også finst, tenker ho. Kanskje, kanskje.





I SPANIA ER TANNFEE EI MUS, RÁTON PÉREZ.
HO HELDT TIL I HOVUDSTADEN MADRID.
HUSET HAR SKILT MED BILDE AV PÉREZ OG FORTEL
AT HER BUDDER HAN I EIN KAKEBOKS.
OM DAGEN VAR HAN MED KONA OG BARN.
OM NATTA DROG HAN PÅ EVENTYR.
HAN TOK SEG FRAM GJENNOM RØYRA
OG KOM SEG INN I HUSA TIL MENNESKA.

EI NATT MØTTE HAN KONG BUBI,
EIN GUT SOM NETT HADDE MIST EI TANN.
BUBI LA TANNA UNDER PUTA
OG BLEI VEKT AV AT NOKO MJUKT
KOM BORTI KINNET HANS.
DET VAR PÉREZ.

PÉREZ OG BUBI BLEI VENNER,
SAMAN NARRA DEI KATTEN
SOM ALLTID LÅG PÅ LUR.

PÉREZ HADDE TRE VAKSNE SØNER,
DEI STUDERTE DIPLOMATI I
SKRIVEBORDSSKUFFEN TIL STATSMINISTEREN.

FORTELJINGA OM PÉREZ HAR
SPREIDD SEG TIL ANDRE LAND
DER DEI SNAKKAR SPANSK,
SOM ARGENTINA, CHILE, MEXICO,
PERU OG COLOMBIA.



Dei går kvar til sitt. Kerim den eine vegen, Edith og Siv den andre.

– Stefan er eigentleg grei, seier Siv.

– Når han ikkje sykklar, så, seier Edith.

Men plutseleg er Stefan der igjen. På sykkelen sin. Han bråstansar framfor Edith.

– Om du får pengar, vil eg ha dei, seier han. – For eigentleg er tanna mi.

– Nei, seier Siv, – du gav tanna di til Edith.

– Edith kan svare for seg sjølv, ho er vel ikkje veslesøstera di? seier Stefan til Siv. Så snur han seg mot Edith for å få eit svar.

Edith blir både forskrekka og glad, for han har rett, Siv treng ikkje alltid bestemme, Edith kan sjølv bestemme og svare. Og ho kan *tenke* nett det ho vil!

Stefan kan få pengane, tenker Edith. At ho har tanna, er det viktigaste. For utan tann til å legge under puta blir ikkje pappa glad.

– Greitt, seier Edith.





BARN MED SAME TANNFE
FÅR HØGST ULIKE GÅVER.
I NOREG FÅR NOKON
10 KRONER FOR EI TANN,
ANDRE FÅR 100.

I USA HAR EIN
FUNNE UT AT NÅR
ØKONOMIEN GÅR
EKSTRA GODT,
ER TANNFEA
EKSTRA GÅVMILD.

Siv, som har gjort seg klar til å svare, som vanleg, blir akkurat for sein. Forundra ser ho på Edith.

Stefan stig av sykkelen og smiler.

– Eller halvparten, seier han. – Vi deler, så får eg ei tanngåve, eg også, for ein gongs skuld.

Så grei Stefan er når han ikkje sykklar! Og han har rett, tenker Edith, det er ho sjølv som må bestemme, ho er stor nok til det.

Men så set han seg på sykkelen igjen, svingar seg opp, sykklar litt att og fram. Heilt inntil Edith sykklar han og seier at om det ikkje blir pengar å dele, så vil han han eit kyss.

Deretter set han i å trø!

Edith får ikkje tid til å svare. Og å rope etter han kan ho jo ikkje, ikkje noko om kyssing i alle fall!

I MALI FÅR IKKJE
BARNA PENGAR.
DEI FÅR EIN KYLLING!
DEI LEGG TANNA
UNDER EIT GRASKAR,
OG DER BLIR HO
BYTT MED EIT EGG.
NÅR EGGET BLIR VARMA,
KJEM KYLLINGEN UT.





52 tenner

ALT MENS VI LIGG I MORS MAGE, HAR VI TENNER.
DEI STARTAR Å VEKSE NÅR FOSTERET ER 14 VEKER.

NÅR VI ER 6-10 MÅNADER, BRYT TENNENE FRAM.



LITEN KJEVE
— 20 TENNER

FIRE FRAMTENNER

KJEM FØRST I UNDERKJEVEN.
DERETTER I OVERKJEVEN.

RESTEN AV MJØLKETENNENE,
FIRE SIDEFORTENNER,
FIRE HJØRNETENNER,
ÅTTE FORJEKSLAR OG JEKSLAR
KJEM FRAM FRÅ VI ER 1-3 ÅR.

MJØLKETENNENE ER MINDRE
ENN DEI VARIGE.
OG FÆRRE, BERRE 20.
DET ER FINT ORDNA,
FOR BARN HAR SMÅ KJEVAR.

NÅR VI ER OM LAG SEKS ÅR,
BEGYNNER VI Å FELLE TENNER.
PÅ BERRE TO ÅR
KAN DEI FIRE FORTENNENE
BÅDE OPPE OG NEDE,
BLI BORTE.
ETTER NYE SEKS ÅR
ER ALLE MJØLKETENNENE BORTE.
DEI BLIR ERSTATTA MED VARIGE,
STØRRE TENNER.
MEN FØRST MÅ KJEVEN VEKSE!



BARN FÅR TENNER SOM LIKNAR PÅ
TENNENE TIL MOR OG FAR.



DEN SOM VIL LEVE, MÅ TYGGE.
OG FOR Å TYGGE MÅ EIN HA TENNER.

I VERKELEG GAMLE DAGAR
REKNA DEI IKKJE BARN A SOM
ORDENTLEGE MENNESKE
FØR DEI FEKK TENNER OG
KUNNE TYGGE SIN EIGEN MAT!

FORELDRA VAR SÅ GLADE
FOR AT BARN A FEKK TENNER,
AT DEI GAV DEI GÅVER. **TANNFE**
KALLA DEI DENNE GÅVA PÅ NORRØNT MÅL.

RIKE FORELDRE GAV STORE GÅVER.
DA HÅKON JARL FEKK SI FØRSTE TANN,
FEKK HAN EIN TRÆL (EIN SLAVE)
TRÆLEN HEITTE KARK OG
VAR TRUFEST MOT HÅKON HEILE LIVET.

DEI VARIGE TENNENE ER LENGE SMÅ. MENS DEI VEKS, SIT DEI GØYMDE I KJEVANE.
6-7 ÅR TAR DET FØR DEI KJEM TIL SYNE. DET KAN TA FLEIRE MÅNADER
FØR DEN VARIGE TANNA DUKKER OPP I HOLET ETTTER MJØLKETANNA.

FIRE 6-ÅRSJEKSLAR

BRYT GJENNOM FØRST.
DEI KJEM BAK MJØLKETENNENE,
SÅ DEI TRENG IKKJE SKUBBE UT
NOKO MJØLKETANN FOR Å FÅ
PLASS.

FIRE FRAMTENNER

SKUBBAR UT MJØLKETENNENE.
FØRST OPPE.
SÅ NEDE.
DET ER ÅTTE I ALT,
SKARPE OG GODE
TIL Å SKJERE ELLER BITE AV MED.

ÅTTE SMÅJEKSLAR

KJEM NÅR VI ER 10-12 ÅR,
FRAMFOR 6-ÅRSJEKSELANE,
OG MÅ SKUBBE UT MJØLKETENNER.

FIRE HJØRNETENNER

BAK FRAMTENNENE,
ER PÅ PLESS NÅR VI ER 11-12 ÅR.
DEI ER LANGE OG SPISSE.
DEI KAN RIVE OG BITE.

FIRE 12-ÅRSJEKSLAR

KJEM NÅR VI ER 12-13 ÅR.
DEI ER BREIE OG
KAN KNUSE MATEN.

FIRE VISDOMSTENNER

DUKKAR OPP ETTTER 18 ÅR.
IKKJE ALLE FÅR DESSE SISTE,
INST INNE.



STOR KJEVE
- 32 TENNER

DU SER BERRE
LITT AV EI TANN.
SKJULT I KJEVEN ER
EI SOLID ROT MED BÅDE
BLODÅRAR OG NERVER.
DEN DELEN AV TANNA DU SER,
KALLAST KRUNA.
HO ER DEKT AV EMALJE.

EMALJEN ER DET
HARDASTE I KROPPEN.
LIKE HARDT OG FINT SOM
EIN DIAMANT!

20 MJØLKETENNER
+ 8 FRAMTENNER
+ 4 HJØRNETENNER
+ 16 JEKSLAR
+ 4 VISDOMSTENNER
= 52 TENNER



DEI VARIGE TENNENE VEKS
OGSÅ ETTTER
AT DEI HAR KOMME FRAM.
TI ÅR GÅR DET FØR EI TANN
ER «VAKSEN».

Register

Tannfeer



Anna Bogle
s. 12



St. Apollonia
s. 31



Hambahaldjas
s. 18



Fatina dei denti
s. 19



Ráton Pérez
s. 27, 47



La Petite Souris
s. 11, 15, 46, 55



Tandenfee
s. 18



Topolino dei denti
s. 19



Zahnfee
s. 19



Zebowa Wrózka
s. 18

Dyr



Gris
s. 19, 41, 47



Kråke
s. 41



Ramn
s. 41



Sporv
s. 41



Kylling
s. 45



Hund
s. 13, 19, 42



Mus
s 11, 13, 19, 25, 29



Skjor
s. 41, 47

Land

Argentina	25, 27	Hellas	41	Mali	45	Somalia	51
Austerrike	29	India	41	Mexico	27	Spania	27, 47
Bulgaria	41	Irak	22	Moldova	41	Sudan	22
Chile	27	Irland	12	Mongolia	13	Syria	39
Colombia	27	Japan	22	Nepal	29	Sør-Afrika.....	13
Egypt	22	Jordan	22	Noreg	45, 49	Tyrkia	39
England	28	Korea	41, 47	Peru	27	Tyskland	19
Estland	18, 31	Kviterussland	29	Romania	41	Ukraina	13
Etiopia	43	Litauen	13	Slovakia	30	Ungarn	25
Frankrike	7, 8, 11, 15	Malaysia	13	Slovenia	13	USA	18, 33, 45



Over heile verda finst det skikkar, truer og forteljingar knytte til tannfelling. Mange av forteljingane er om ulike tannfeer – små flygande alvar, eller mus, fuglar og hundar. Men same kor ulike forteljingane om tannfeene er, så seier dei det same. Dei er alle forteljingar om trøyst.

I denne boka får du høyre dei gamle historiene om tannfeer – fulle av omsorg og fantasi – gjennom ei ny forteljing om Edith. Ho misser ei mjølketann, og straks begynner ting å skje!

